

# LESEPROSJEKT FOR 8. – 10. KLASSE

# SAYNAB

Av Eva Norderhaug

## INNHALDSLISTE

1. OM BOKA
2. OPPSTART
3. PROSJEKTET
4. AVSLUTNING

Klassesett kan lånast på Fylkesbiblioteket i Førde.

Vedlegg: 1

## **OM BOKA**

Tid avsett til prosjektet: 3 veker/ ca 11 norsktimar

Sider i boka: 168

Forlag: Aschehoug

Bokmål

Kort om boka:

" Hele livet har Saynab slåss. Med ungdomsgjenger. Med nynazister. For seg selv. For det hun tror på."

"Vi følger Saynab Mohamuds voldelige oppvekst – fra krig og flukt i Somalia via norsk "småbyidyll" til et beintøft ungdomsmiljø på Oslos østkant. Dette er et ærlig og nådeløst portrett av en innvandrerjente med kniven på strupen, som viser hvordan raseri og blind vold kan forvandles til en innbitt kamp mot kjønnslemlestelse og diskriminering. Alt er fortalt med Saynabs egne ord, ført i pennen av TV2 – medarbeider Eva Norderhaug. "

I eit ungdomssosiologisk perspektiv er boka ei god beskriving for korleis bakgrunn, kjønn og heimstad kan påverke dei vala ein tar seinare i livet. Ein vert merksam på ord som identitet, kultur og rasisme og kva dette har å seie for den einskilde. Boka gjev ei god skildring av eit tøft liv og eit hardt miljø, og kor lett det er å komme på kant med lova - og samfunnet. Som lesar får ein ei skildring av korleis ein kan forstå den risiko som ungdomsfasen inneber, og korleis dette kan koplast til oppvekstlandskapet.

Boka omtalar ein del kjende personar og grupper. Dette kan ein nytte som ein del av oppstartsbiten eller ein kan ta det igjen seinare i prosjektet.

Grupper/personar i boka ein kan finne stoff om på nettet (sjå vedlegg):

- ❖ forfatter Eva Norderhaug
- ❖ artist frå IDOL: Orji
- ❖ Saynab
- ❖ B – gjengen (Holmlia)
- ❖ Benjamin Hermansen
- ❖ Noora Noor (artist)

Hovudpersonen i boka har delteke i nokre debattprogram på TV2, mellom anna "Rikets Tilstand" (jan – 05). Det er sikkert mogeleg å få tak i dette programmet via TV2, dersom ein ynskjer det.

## **OPPSTART**

Elevane nyttar første time til å diskutere i grupper og definere: rasisme, diskriminering, kulturkonflikt. Kvifor dette oppstår og kva ein kan gjere med det. Elevane har ei eiga loggbok, der dei kan skrive ned svara sine. Den skal vere ein personleg "kanal" mellom lærar og elev. Etter at elevane har diskutert litt i grupper, har ein felles oppsummering i klassa..

Elevane skriv leselogg etter kvar time. Der fortel dei litt om kva dei har lese, kva dei tykkjer om boka så langt og korleis dei opplever det dei les (sinne, medkjensle, irritasjon,

frustrasjon...). Eventuelle spørsmål kan dei stille i loggen. Faglærer gjev tilbakemelding på logg etter kvar veke.

Elevane får deler av timane til å lese i boka. Lesing føregår i hovudsak i bolkar på skulen, slik at ikkje nokon "rasar" gjennom boka heime. Klassa prøver å ha ei oppsummering etter kvar lesetime. For dei som vert tidleg ferdig, vert det laga til ei bokutstilling på klasserommet der eleven kan finne seg bøker som har same tema (både fag – og skjønnlitteratur).

Ein observasjon vi gjorde var at elevane hadde lite kunnskap om kultur. Det var derfor behov for ei grundig gjennomgang av dette. Elevane skal jobbe meir med omgrepet seinare i perioden.

## **PROSJEKTET**

Felles loggoppgåve veke 1:

- korleis trur du det er å komme til eit framandt land i ein annan verdsdel ?
- Kva veit du om konflikten i Somalia ?

Elevane får nytte Internett til å finne ut om konflikten i Somalia. Dette gjer dei på førehand.

Elevane nyttar neste økt til å skrive to spørsmål frå det dei har lese til no, samt to spørsmål til temaet kultur og kulturkonflikt (på to ulike ark). Spørsmåla vert samla inn og delt ut i ei seinare økt, til ein annan elev. Eleven skal finne svar på spørsmåla ved hjelp av ulike kjelde, samt boka. Eleven som har laga spørsmåla får desse igjen når dei er løyste. Elevane svarar på spørsmåla frå boka på skulen, medan dei andre spørsmåla vert heimelekse i tillegg til loggen.

Elevane får nytte 5 min på slutten av øktene til loggskrivning, dette spesielt med tanke på dei som treng litt "starthjelp".

Neste økt nyttar ein delvis på data. Der får elevane i oppgåve å søkje etter ulike personar i boka (desse er nemnt tidlegare). Dei vert delt inn i smågrupper og læraren fordel kva kvar gruppe skal søkje etter. Det materialet dei finn skal nyttast som kjelder til ein presentasjon av den personen. Presentasjonen skal nyttast som ein avsluttande del av prosjektet, saman med ein kort analyse(tankar og meiningar) av boka. Dette vert vurdert munnleg.

- ❖ Gruppe 1. Benjamin Hermansen
- ❖ Gruppe 2 Orji
- ❖ Gruppe 3 B – gjengen (Holmlia)
- ❖ Gruppe 4 Noora Noor
- ❖ Gruppe 5 Saynab
- ❖ Gruppe 6 Eva Norderhaug

Elevane har fått ei skriftleg oppgåve tidlegare i perioden som skal jobbast med heime, og leverast ved prosjektslutt. (Sjå vedlegg)

Det kan syne seg at elevane til no er komen svært ulikt i bøkene sine, og det kan no vere lurt at elevane får bøkene med seg heim slik at dei vert ferdige.

Neste dobbelttime vert det lagt opp til "bokprat". Elevane får sette seg i grupper på 2-3 stk. Det bør leggast vekt på at dei skal sette seg saman med elevar dei kjenner seg trygge på slik at det ikkje er ubehageleg å prate. Elevane kjem med forslag til kva dei kunne diskutere:

- ❖ tidleg vaksen
- ❖ vold og mishandling
- ❖ familien til Saynab
- ❖ diskriminering
- ❖ gjengmiljø

Elevane får sjølve velje seg eit eller to tema til diskusjon. Det må plukkast ut ein gruppeleiar på kvar gruppe som skal fortelje resten av klassa om det dei har diskutert og eventuelt kome fram til.

Tid til "bokprat": frå 20 min til ein skuletime, alt etter aktiviteten.

Elevane får delar av timen til å lese og skrive boklogg. Det må setjast av litt tid til førebuing av presentasjonen som skal avslutte prosjektet.

## **AVSLUTNING**

Elevane skal avslutte prosjektet med å fortelje om den personen i boka dei har funne stoff om. Det vert lagt vekt på evne til munnleg framføring, utan å nytte manus. Personlege oppfatningar/meiningar er eit pluss. Dersom det skulle verte tid kan ein sette i gang ein klasesamtale med utgangspunkt i spørsmåla på arket "Innhaldsreferat" (vedlegg).

Oppsummering: Tilbakemeldingane elevane har gitt via loggen, tyder på at dette var ei bok dei likte. Diskusjonane i gruppene var intense og livlige. Elevane synte evne til refleksjon og var svært ivrige på å delta. Elevar som tidlegare har vert svært "tause", deltok.

Boka treffe aldersgruppa, og omfattar ein viktig del av ein person sitt liv. Den treff ungdomane på mange områder, og tek for seg tema som er viktige og interessante. Dette gjev rom for diskusjonar om tema som elles kan vere vanskelege å snakke om. Ikkje alle vart ferdig med boka i løpet av perioden, og ein kunne heilt klart ha nytta lengre tid både på boka og på før – og etterarbeid. Dei som ikkje vart ferdige, fekk låne boka ei veke ekstra. Det er noko med det å avslutte det ein har starta på !

**God bok!**

Vedlegg:

1. forslag til skriveoppgåve